

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.08.2016

**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Osland Lexow

**SAKA GJELD:** **Halvårleg rapportering på mål og krav i oppdragsdokument og føretaksprotokoll per 15. juni 2016**

**ARKIVSAK:** 2016/2492

**STYRESAK:** **101/16**

**STYREMØTE:** **07.09. 2016**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tar saka til orientering.

## Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på krava som er stilte i Oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2016. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 15. juni 2016.

## Fakta

Helse Vest RHF får sitt oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet i eit årleg oppdragsdokument. I Oppdragsdokumentet blir dei midla som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for inneverande år stilte til disposisjon. Gjennom dokumentet får Helse Vest RHF i oppdrag å utføre pålagde oppgåver og å realisere dei styringskrava som er gitt innanfor mål, rammer og ressursar som vert stilte til disposisjon. I tillegg til oppdragsdokumentet blir det kvart år i januar gjennomført eit føretaksmøte jf. Lov om helseføretak, der Helse- og omsorgsdepartementet slår fast styrings- og prestasjonskrav på økonomi og organisasjonsområdet. Føretaksprotokollen gir såleis presiseringar på ytterlegare styringsbodskap i tillegg til det som er gjort greie for i oppdragsdokumentet.

Administrerande direktør legg i denne saka fram ei oversikt som viser halvårleg status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift på følgjande måte:

- Raud: Ikkje begynt på, ikkje gjort/oppnådd. Ein kan oppnå raudt dersom ein ikkje startar tidsnok til å få levert.
- Gul: I prosess. Prosentvis levering er stort sett oppgitt med tal. Dette talet kan ved seinare rapportering bli justert.
- Grøn: Kravet er oppfylt. Når krava gjeld kontinuerlege prosessar får desse grøn vurdering når drifta er à jour.

## Kommentarar

I Oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) er det for 2016 utarbeida tre overordna hovudmål som alle styra og leiarar i sjukehusa skal arbeide etter. Desse tre måla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Vidare blei alle dei seks sentrale punkta frå 2015 for å skape pasientane si helseteneste også ført vidare i 2016. Desse er:

- Fritt behandlingsval – ventetida skal ned og kvaliteten opp.
- Opptrappingsplan for rus og psykiatri – vidareføring av «den gylne regel».
- Raskare diagnose og redusert ventetid for kreftpasientar.
- Nasjonal helse- og sjukehusplan – planlegging av kapasitet og kompetanse for å møte framtidens behov
- Betre kvalitet og pasienttryggleik – auka satsing på å redusere ikkje berettiga variasjon og unødvendig venting.
- IKT og kommunikasjon – felles digitale løysingar og elektronisk tilgang til eigen helseinformasjon.

Halvårleg rapportering syner at Helse Vest har hatt ein svært positiv utvikling når det gjeld ventetider, og hadde samla sett ei gjennomsnittleg ventetid som låg under kravet på 65 dagar både samla, og for kvart fagområde i første tertial 2016. Også når det gjeld del fristbrot har Helse Vest hatt ein positiv utvikling første tertial 2016 samanlikna med første tertial 2015. Det blir arbeida systematisk for å unngå/fjerne fristbrot.

Helse Vest har spesielt oppnådd gode resultat samla sett når det gjeld pakkeforløp for kreft. Det er framleis utfordringar knytt til registrering, men målet er nådd med god margin. Registreringa er forventa å bli enda betre ved innføring av DIPS Arena.

Det skal vere høgare vekst innanfor psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) enn for somatikk. Indikatorar det blir målt på er kostnadar, gjennomsnittleg ventetid, årsverk og poliklinisk aktivitet:

- Målet er nådd for TSB når ein ser på kostnadar, ventetider og poliklinisk aktivitet, men det er førebels ikkje talgrunnlag for å seie om det er nådd for tal årsverk.
- Når det gjeld psykisk helsevern for barn og unge er målet nådd når det gjeld ventetider og kostnadar, men ikkje for årsverk og poliklinisk aktivitet.
- I psykisk helsevern for vaksne er målet nådd når det gjeld ventetider og poliklinisk aktivitet, men ikkje når det gjeld kostnadar. Det ligg enno ikkje føre talgrunnlag som seier noko om måloppnåing knytt til årsverk.

Helse Vest har starta eit arbeid med fokus på å sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang. Det er store skilnadar på tala for tvangsinnleggingar i regionen, og store manglar knytt registrering og rapportering av bruk av tvang. Helse Vest gjer merksam på at det òg skal rapporterast på dette til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. september, ref. tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2016, dagsett 30. juni 2016.

Når det gjeld tal på korridorpatientar viser tala at det har vore ei positiv utvikling, men at ein enno ikkje har nådd målet om null korridorpatientar. Helse Vest følgjer nøye med på utviklinga, og HF-a rapporterer på dette i kvart styremøte.

Arbeidet i føretaka med å etablere ungdomsråd er i godt gjenge. Helse Stavanger fekk sitt ungdomsråd sommaren 2015, mens ungdomsrådet i Helse Bergen hadde sitt første møte i januar 2016. I Helse Fonna og Helse Førde har dei starta opp med arbeidet med å etablere ungdomsråd i løpet av året.

### **Konklusjon**

Den halvårlege rapporteringa syner at Helse Vest har god framdrift per. 15. juni 2016.

Vedlegg 1: Matrise – halvårleg rapportering til styret i Helse Vest RHF på krav i føretaksprotokoll og Oppdragsdokument pr. 15. juni 2016